

Fra: Frode Myking <frode.myking@hotmail.com>
Sendt: søndag 1. oktober 2023 19:58
Til: Postmottak Alver
Emne: Sv: SAKNR 23/5056

TIL ALVER KOMMUNE

FRA HORDABØ IDRETTSLAG

Viser til sak 23/5056 der kommunen har fått inn eit anonymt tips om at det går ureinsa gråvatn til terreng frå Hordabøhallen.

Hordabø idrettslag vil informere om at det ikkje er gjort endringar vedr. utslepp siden hallen blei godkjent i 2008, bortsett fra at dette røret den anonyme tipsaren fortel om nylig blei forlenga med 1 meter, bort til ei kumme. Dette blei gjort pga at enden på røret hadde blitt sammentrykka og tetta.

Gråvatnet har siden hallen blei åpna gått via rør ut til ei sandfiltergrøft. I golvet på kjøkkenet går vatnet gjennom ein fettavskillar før det går ut røret til grøfta. Ved forlenginga som blei gjort forleden går vatnet no 1 meter lenger til ei kumme, men ut i akkurat samme sandfiltergrøft som tidligere. Me kan ikkje sjå at denne endringa skal ha forverra gråvatnet som blir slept ut fra hallen.

Kjøkkenet i hallen har alltid hatt oppvaskmaskin. For eit par år sidan blei det oppgradert til ei litt større maskin. Me kan heller ikkje her sjå at denne endringa skal forverra gråvatnet ifht til utslepp og forureiningslov då vatnet også her går gjennom samme rør og fettavskiller som tidligere.

I tillegg kan det opplyses at oppvaskmaskina i hallen blir svært lite brukt, maksimalt 2-3 ganger i året. Mengden utslepps vatn til terreng er således minimal. Det produseres heller ingen mat på kjøkkenet.

Håper dette forklarar den oppståtte situasjonen klart nok! Om ikkje er Alver kommune hjertelig velkommen på besøk. Me skal visa fram det 1 meter lengre røret saken handlar om, i sin heilhet.

Mvh

Frode Myking
Styreleiar Hordabø IL

